



## Aukra kommune

Arkivsak: 2019/88-19  
Arkiv: L13  
Saksbeh: Svein Rune Notøy  
Dato: 05.09.2019

### Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
40/19	Drift og arealutvalet	18.09.2019
64/19	Kommunestyret	01.10.2019

### Reguleringsplan Hollingsetervegen - Eigengodkjenning

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Hollingsetervegen, slik det går fram av plankart og føresegner revidert 09.09.2019.

Delar av ein gjeldande reguleringsplan som ligg innanfor planavgrensinga til reguleringsplanen for Hollingsetervegen, skal i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, delvis opphevast ved sluttgodkjenninga, denne planen er: Reguleringsplan Hollingen B16 og B16b – mindre planendring 03 (vedteken 30.05.2012, planid 1547201204).

#### Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 18.09.2019

##### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

##### Innstilling frå drift- og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

#### Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.10.2019

##### Behandling

Innstillinga frå Drift og arealutvalet vart samrøystes vedtatt.

##### Vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Hollingsetervegen, slik det går fram av plankart og føresegner revidert 09.09.2019.

Deler av ein gjeldande reguleringsplan som ligg innanfor planavgrensinga til reguleringsplanen for Hollingsetervegen, skal i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, delvis opphevast ved sluttgodkjenninga, denne planen er: Reguleringsplan Hollingen B16 og B16b – mindre planendring 03 (vedteken 30.05.2012, planid 1547201204).

**Vedlegg:**

- 1) Plankart datert 09.09.2019
- 2) Føresegner datert 09.09.2019
- 3) Planomtale datert 14.05.2019
- 4) Rapport frå støyvurdering
- 5) Innkomne merknadar etter høyring og offentleg ettersyn

**Særutskrift:** Etter adresseliste.

**Bakgrunn:**

Ved etablering av ny hovudvassleidning frå Hollingen til Fanghol vart det lagt ny vassleidning langs Hollingsetervegen. Det vart fylt opp med steinmassar på ferdig grøftetrasè. Steinmassane vart lagt ut i same nivå som eksisterande vegbane. Dette har fram til i dag fungert som ei breiddeutviding av Hollingsetervegen. Breiddeutvidinga er ikkje asfaltert, og er ikkje regulert inn som vegareal. Vegen har per dags dato eit køyrefelt og nokre parti som er breiddeutvida.

Kommuneplanen sin arealdel og kommunen si trafikktryggingsplan viser at det på sikt er behov for å sanere eksisterande avkjørsle til Hollingsbukta frå fylkesveg 662 og etablere ny kryssløysing ved Fanghol. Den nye kryssløysinga skal handtere all trafikken til dei eksisterande bustadområda, samt skule og barnehage. Dette betyr at Hollingsetervegen må utbetraast for å kunne handtere eksisterande og framtidig trafikkbelastning. Derfor tek reguleringsplanen omsyn til framtidige behov med breiddeutviding til to køyrefelt, fortau og veglys.

Føremålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande kommunal veg, leggje til rette for eit framtidig fortau, samt å leggje til rette for nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2.

Planforslaget vert utarbeidd som ein detaljreguleringsplan med full planprosess, og er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

**Utgreiing:**

Det blei i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, varsla oppstart av planarbeidet via brev til berørte partar den 05.02.2019, og som annonse i Romsdal Budstikke den 08.02.2019. Frist for å kome med merknadar til planarbeidet blei sett til 11.03.2019, og det kom inn totalt ni merknadar.

Drift og arealutvalet vedtok i møte den 27.05.2019, sak 20/19, å leggje planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i åtte veker (utvida med to veker grunna ferieavvikling).

Planforslaget vart lagt ut til høyring og offentlege ettersyn i perioda 05.06.2019 – 07.08.2019. Det kom inn totalt fire merknadar, nedanfor er disse kort refererte og kommenterte (merknadane i si heilheit er vedlagt saka):

## **1) Merknad frå Rådet for likestilling av funksjonshemma, datert 17.06.2019**

Rådet for likestilling av funksjonshemma ser det som mest hensiktmessig at fortau og gatelys kjem på den sida av vegen som har flest bustader.

### Kommentar:

*Fortau vert plassert vest for vegen av praktiske årsaker i høve vegoppbygging og overvasshandtering. Gatelys vert plassert aust for vegen, og vil derfor gi minst mogleg visuell forureining. Plassering av lysarmatur må tilpassast lysberekingar.*

## **2) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 18.06.2019**

Møre og Romsdal fylkeskommune har utifrå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

### Kommentar:

*Merknaden vert teken til vitande.*

## **3) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 25.06.2019**

Hollingstervegen er tilknyttet fylkesveg 662 med to kryss, men berre det nordlegaste er med i reguleringsplanen. Statens vegvesen sine innspel ved melding om oppstart som gjekk på at begge kryssa burde være med i reguleringsplanen er ikkje tatt stilling til eller kommentert. Krysset i nord har ei uheldig plassering i høve fylkesvegens kurvatur, og Statens vegvesen sin intensjon med at dette skulle inngå i reguleringsplanen, var at ein slik kunne vise det som stengt. Det blir bedt om at krysset blir vist som stengt i reguleringsplanen, men at ein med omsyn til beredskap og tilkomst for andre større køyretøy kan oppretthalde det så lenge ny/utbeta kryssløsing ved skulen eller tilsvarande er etablert. Dette kan då gå fram av føresegnehene.

Det er gitt føresegner i reguleringsplanen om frisikt for det nordlegaste krysset, og det vert gjort merksam på at ein ikkje kan ha føresegner som går utanfor planavgrensinga. Kravet til frisikt i dette krysset er 138 meter (115 x 1,2) til begge sider i primærvegen (fylkesveg 662) målt fra eit punkt 10 meter inn i sekundærvegen (Hollingstervegen). Heile kryssområdet og bakken ned til krysset mellom dei to kommunale vegane, Hollingstervegen og Hollingsbukta, ligg til fylkesvegen sitt egedomsområde, og ser det som lite problematisk at kommunen, som har ansvaret for sikta i krysset, rydder frisikt i samsvar med opplistinga ovanfor. Så lenge krysset er åpe for trafikk, blir kommunen bedt om å følgje opp dette.

Det går fram av reguleringsplanen at Hollingstervegen skal opparbeidast etter krava i handbok N100. Det er likevel ikkje lagt ved tegningsgrunnlag som synliggjer at vegen kan byggast innanfor føremålet som er avsett til vegføremål. Kommunen burde laga eit meir detaljert teikningsgrunnlag som sikrar dette.

### Kommentar:

*Planavgrensinga til Hollingstervegen i sør fell saman med avgrensinga til ei bygge og deleforbodssone i gjeldande kommuneplan sin arealdel (båndlegging for regulerering etter plan og bygningsloven – framtidig). I dette området er det ein pågående privat reguleringsplan for Svingen bustadområde. Ei eventuell realisering av den nemnde reguleringsplanen føreset at det vert etablert ny undergang i området. Når planarbeidet eventuelt startar opp att, kan kommunen stille krav om at planavgrensinga vert utvida, slik at Hollingstervegen vert vist i si heilheit. Plankartet er oppdatert slik at det nordlege krysset er vist med punktsymbolet «stenging av avkjørsel» (sosi-kode 2141), og samstundes er § 2.3 i føresegnehene oppdatert*

med eit nytt kulepunkt: «*Det nordlege krysset mellom fylkkesveg 662 og Hollingsetervegen skal stengast for biltrafikk når ny/utbetra kryssløysing ved Julsundet skule eller tilsvarande er etablert.*».

Planområdet er utvida slik at plankartet viser frisiktsonene i heile si utstrekning på 10 x 138 meter som krevd i merknaden.

Reguleringsplanen er basert på eit detaljert teikningsgrunnlag utarbeidd av Asplan viak. Dette kan tilsendast ved førespurnad.

#### **4) Merknad frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 17.07.2019**

Det går fram av planen at planområdet mellom anna består av marin strandavsetning, og tynn havstrandavsetning. I slike område under marin grense kan det vere fare for marin leire, jf. NGU sitt lausmassekart. Fylkesmannen saknar ei synleggjering av vurderingane som ligg til grunn for konklusjonen om at det ikkje er knytt uakzeptabel risiko til faren for ustabile grunntilhøve/kvikkleire i planområdet, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

##### **Kommentar:**

*I samband med etablering av ny hovudvassleidning frå Hollingen til Fanghol vart det lagt ny vassleidning langs Hollingsetervegen. I samband med etableringa av vassleidninga vart det gjort inngrep i grunnen utan at det vart oppdaga kvikkleire eller andre problemstillingar knytt til ustabile grunntilhøve. Kommunen ser derfor ikkje at det skulle være naudsynt med nærmare geotekniske undersøkingar for å kartlegge om grunnen inneheld kvikkleire basert på opplysningane over.*

##### **Konklusjon:**

Innkomne merknadar etter høyring og offentleg ettersyn er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget, reguleringsplanen vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.

##### **Administrative konsekvensar:**

Ingen administrative konsekvensar utover normal sakshandsaming.

##### **Folkehelsekonsekvensar:**

Planforslaget legg opp til ei samanhengande gangforbindelse innanfor planområdet for å sikre trygg ferdsel for gåande og syklande, dette er med på å auke tilgjengelegheta til fleire av turmåla og friluftsområda i Julsundet, noko som er med på å betre den generelle folkehelsa.

##### **Økonomiske konsekvensar:**

Det kjem kostnader knytt til annonsering av vedtak på om lag 4500 kroner.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Gerd Nerbø  
Teknisk sjef